

©J.W. Cappelen AS 2002

Materialet på dette nettstedet er omfattet av åndsverkslovens bestemmelser. Det er lagt ut for at du skal kunne lese det på skjerm (+ ev. andre tilskitete utnyttelsesmåter). Uten særskilt avtale med Cappelen er enhver eksemplarframstilling og tilgjengeliggjøring utover dette bare tillatt i den utstrekning det er hjemlet i lov eller tillatt gjennom avtale med Kopinor, interesseorgan for rettighetshavere til åndsverk. Utnyttelse i strid med lov eller avtale kan medføre erstatningsansvar, og kan straffes med bøter eller fengsel.

Tim Brentloffs eventyr Sylvelin Vatle

KAPITTEL 1

Har du nokon gong vore ved vestkysten i nord?
I så fall veit du at det som regel regnar der og at regndråpane er på størrelse med ein middels kattunge.
Du veit òg at himmelen plutselig kan ombestemma seg og børsta rommet fritt for skyer. Ei tjukk sol triller fram, ho strålar ut eit uhøyrleg Dekk!

Og havet legg seg ned.

Blikk stille.

Slike dagar kan ein sjå utover havflata og få inntrykk av at det er eit blankpolert dansegolv. Ein kan begynna å tenka på søte damer i festkjolar, turar med plystring og fiskestong, fulle egg og øl. Like til ei svak krusing fer over vassflata, det er som om havet får pels med lus i. Vatnet klør og krummer ryggen, reiser ragget rett til værs og rister seg. Bølgene veks, dei pirkar i fjellet med våte fingrar som vert lengre og lengre og sterkare og sterkare til dei endelig bryt laus bitar og dreg stein og grus med seg uti. Kvar finger er hòl inni – eit
7

sugerør, steinar raser mot botnen og fingrane virvlar omkring liksom lange rørepinnar. Vatnet begynner å bevega seg rundt og rundt, der dannest høge spiralar som syg i seg vindar frå dei kvasse fjella rundt.

Dragsuget dreg vinden ned i vatnet, lufta vert til millioner bobler som pumpar havet opp til full størrelse. Det veks til ein diger vannballong som plutselig sprikk og slepper ut alt innholdet på ein gong.

Då smell det!

Havet langs vestkysten i nord sprutar bølger på høgde med ei amerikansk boligblokk rett til værs, tang og forvirra småfisk spreitt innover på land.

Folk vert ikkje overraska om dei får torsk i blomsterbedet eller sardiner i kaffikoppen, dei reiser seg rolig opp og pirkar sardina or koppen og legg ho i kjøleskapet. Så ventar dei til uværet gir seg før dei går i hagen for å samla saman dagens fangst.

Den dagen Tim Brentloff reiste nordover langs vestkysten låg havet blikk stille. Akkurat som eit dansegolv; ærfugl neia, ternar bukka og måkane sørga for skramleorkester, alt såg greitt ut. Skrik og skrål, riktignok, men på ein fredelig måte. Dersom Tim Brentloff hadde vore av den oppmerksomme typen, den typen som lyttar når

8

gamle folk snakkar og føl med på skolen når læraren underviser, ville han ganske sikkert ha vore kjent med værmerka på denne delen av kloden.

For her er værmerke pensum på skolen. Her er værmerke samtaleemne nummer ein og værmeldinga det viktigaste program på alle TV-kanalar.

Tim Brentloff burde altså ha merka seg at sola den kvelden fekk ein ilter raudfarge ytst i strålane.

Han burde ha sett at fem måkar letta frå bølgene og flaug etter kvarandre i rett linje i meir enn eitt minutt og at fullmånen steig opp før sola forsvann mens han utvikla ein diffus flekk litt skrått oppe til høgare. Kort sagt, Tim Brentloff burde ha ant uråd.

Men nei då.

Tim Brentloff la sjølv sagt ikkje merke til slikt! Vent litt – du kjenner vel ikkje Tim Brentloff? Veit ikkje kor han kjem ifrå, kor gammal han er eller korleis han ser ut, du veit vel ikkje eingong kvifor han heiter Tim Brentloff?

OK – eg skal fortelja.

Det hadde seg slik:

For mange, mange år sidan steig ein mann i land i den vesle kystbyen der Tim Brentloff seinare skulle komma til verden. Mannen bar skips-

9

sekk på skuldra og gjekk i tunge lærstøvlar, han var svær. Ei skikkelig kjempe, han måtte faktisk bøya nakken då han steig inn gjennom døra til tollbua. Og det var første gongen nokon hadde bøygd nakken i den døråpninga, i alle fall som følge av at inngangen vart for låg. For å slå skallen oppi dørkarmen på tollbua måtte den framande mannen raga langt høgare enn to meter.

Kanskje 2, 25? Og han var svart. Svart som bek.

Som halvnotar på pianoet og vinternatta etter klokka åtte, kvar gong han snakka skein tennene liksom kvite fyrlys.

Du tenker kanskje: so what? Han var vel afrikanar?

Ja vel, lett for deg å tenka slik.

For du er antakelig van med å treffa folk frå forskjellige land og van med å snakka framande språk, du lærer det vel på skolen?

Men slik var det nok ikkje for folk i den kystbyen på den tida då dette hende. I alle fall ikkje for dei som venta heime medan mannfolka for til sjøs. Slik dei fleste damene gjorde.

Slik bestemora til Tim Brentloff gjorde. Ho hadde nok sett eit par afrikanarar før. Men ikkje slike store, svære afrikanarar som denne her. Afrikanaren steig ut frå tollbua, han bøygde seg og retta seg opp, bestemora til Tim Brentloff stod

10

på torget og selde heimestrikka underskjorter til vern mot forkjølelse. Den svarte mannen smilte til bestemora på ei tid i livet då ho enno var svært ung. Og bestemora vart svimmel.

Så svimmel at ho tre dagar etterpå gifta seg i kystbykyrkja med den svarte, store mannen, og der var mykje folk. For alle innbyggjarane ville jo gjerne sjå denne mannen som hadde fordreidd hovudet til flittige, vesle frøken Gulliksen.

Han hadde eit innvikla navn; Bgdjimbgdjom Brdjendtdrodljoff.

Eit resultat av at han visstnok langt ute i slekta hadde ein tipp tipp tippoldefars fetter frå Russland. Ein slags misjonær som skulle ha enda sine dagar i det fjernaste, kaldaste Sibir mellom tennene på ein flokk ville hundar.

Folka i kystbyen sat med åpne gap og lytta mens presten spurde Bgdjimgdjom Brdjendtdrodljoff om han ville ha frøken Lise Gulliksen til sin ektemake. «Vil du Bgdj ... Bigddjim ... Bbikkdj ... »

Presten vart sveitt.

Til slutt måtte Bgdjimbgdjom Brdjendtdrodljoff sei navnet sitt sjølv og spørja seg sjølv og svara «Ja!» på sitt eige spørsmål fordi presten ikkje klarte å krølla tunga si i dei rette krusedullane. Lise Gulliksen svara også «ja!»

11

Då smilte Bgdjimgdjom Brdjendtdrodljoff med alle dei skinande tennene sine og løfta den tynne brura si så høgt til værs at ho slo oppi taket med sløret og fekk flat frisyre. Han bar henne med seg

ut og det var fleire damer i selskapet som besvimte.

Lise Brdjendtdrodljoff vart gravid. Det skjedde antakelig på veg ut kyrkja, fortalde folk etterpå. Lise og mannen hennar lurte fælt på kva det var for slags barn ho hadde i magen.

– Åååhhhh ... eg håpar at han er vakker og svart som du, kjære, vakre Bgdjimgdjom ... sa Lise.

– Og eg håpar at han er kvit og vakker som du, kjære, søte Lise, sa Bgdjimgdjom.

Begge foreldra fekk ønska sine oppfylt, dei fekk ein son og han var kvit på den eine sida av kroppen og svart på den andre. Fargen var delt midt på, akkurat der nasen og navlen sitt. Halve nasen var kvit, den andre halvdelen var svart, han hadde eitt blått auge i den svarte halvdelen og eit brunt auge i den kvite. Tennene skein og det viste seg fort at han hadde arva faren sin tendens til å veksa seg stor.

Foreldra kysste han og klappa han og syntest at gutten deira var eit mirakel, dei kalla han Grim.

12

Den dagen Grim Brdjendtdrodljoff begynte på skolen og utan problem sa det vanskelige navnet sitt høgt i klasserommet endå han mangla ei tann oppe og to tenner nede, var det mange ungar som glodde på han. Den femte dagen på skolen ropte ein gutt i klassen hans: – Grim Brentloff!

– Eg heiter ikkje Grim Brentloff. Eg heiter Grim Brdjendtdrodljoff, sa Grim Brdjendtdrodljoff.

– Nei, du heiter Grim Brentloff fordi mora di har bakt deg i steikeovnen og svidd deg på den eine sida, sa gutten. – Akkurat som ein brent loff! Då skratta nesten alle dei andre ungane på skolen og ropte i kor: – Grim Brentloff! Grim Brentloff! Grim Brentloff!

Grim Brdjendtdrodljoff vart svært sint.

Han vart eldraud på den sida av ansiktet som til daglig var kvit og mørke-mørkesvart på den andre, med trampande skritt gjekk han bort til gutten som hadde ropa, løfta han høgt opp i lufta og surra han inn i snorene på huska.

Der hang den frekke gutten like til læraren fekk han laus to timar seinare. Grim Brdjendtdrodljoff sat på ein stein med haka i hendene og såg på, han såg så ilter ut at ingen ungar våga å ytra så mykje som eit pip.

Etter ei stund gjekk ei jente bort til han. Ho heitte Stine, var full av fregner og nokså spinkel.

Stine sette seg på ein stein som låg tett inntil stei-
13

nen der Grim Brdjendtdrodljoff sat. Der venta ho til alle dei andre skoleungane hadde gått i ein vid runde rundt dei to steinane og luska heim.

– Eg synes Grim Brentloff er eit fint navn, eg, sa ho.

– Greitt, sa Grim Brdjendtdrodljoff. – Viss det er så fordømt innvikla for folk i denne byen å sei Grim Brdjendtdrodljoff, så får eg vel heita Grim Brentloff, då.

Då Grim Brentloff vart vaksen, gifta han seg straks med Stine. Ho hadde fått rosa kinn, var tynn som ein strikkepinne og svært snill.

Då Stine vart gravid, funderte ho og Grim mykje på kva for ein unge det var som låg der inne i nøstet midt på strikkepinnemagen til Stine.

– Det er viktig at vi er enige om kven vi ønsker oss, sa Grim Brentloff. – Elles blir det berre rot.

– Eg ønsker at ungen er ei jente, sa Stine.

– Ja vel. Då ønsker eg at ungen er liten og tynn som du, Stine, sa Grim Brentloff.

Det viste seg at det berre var folk i Grim Brentloff si slekt som fekk oppfylt ønska sine når det dreidde seg om kva for nokre ungar dei skulle få.

Altså vart det ein gutt. Og han var liten og
14

tynn, akkurat slik Grim Brentloff hadde ønska seg.

Farge hadde foreldra gløymt å ønska, den vart sånn midt imellom. Ein slags ubestemmelig lysebrun. Augene var store og mørke og håret var gyllent og litt krøllete.

Gutten fekk navnet Tim Brentloff.